



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar  
Marta Havre  
Birthe Lill Christiansen

Vår dato  
30.08.2011  
Dykkar dato  
12.04.2011

Vår referanse  
2011/7416 720  
Dykkar referanse

Arbeidsdepartementet  
Postboks 8019 Dep  
0030 OSLO

### Høyringsuttale – utkast til forskrift til lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga

Fylkesmannen i Hordaland viser til brev frå Arbeidsdepartementet av 12.04.2011 om framlegg til forskrift. Fylkesmannen i Hordaland har følgjande kommentarar til utkast til forskrift:

#### *Kapittel 1. Utenlandske statsborgeres rett til sosiale tenester*

#### **§ 1 første og tredje ledd:**

Kva tyding omgrepet ”*bopel*” har, vil ha vere avgjerande på forståinga av utlendingar sine rettar til sosiale tenester. Fylkesmannen meiner at det er stort behov for klårgjering av omgrepet. Slik framlegget til forskrift står i dag, vil det ikkje vere til stor hjelp for kommunane når ein skal avgjere utanlandske statsborgarar sine rettar til økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga.

Når det gjeld rettane til nordiske borgarar og EØS-borgarar, er regelverket uklårt, jamfør Nordisk konvensjon og EØS-avtalen. Det er difor ønskjeleg at desse rettane blir tydelegare i forskrifta eller i anna regelverk. Departementet skriv i omtalen av forslaget at nordiske borgarar har dei same rettane som borgarar av landet dei oppheld seg i. Føresetnaden for rett til opphald i EØS-området, er at vedkomande ikkje blir ein urimeleg byrde for offentlege velferdsordningar i opphaldslandet. ”*Grensen settes generelt ved uvanlig bruk av velferdsordningar som økonomisk stønad*” skriv departementet i sin omtale av forslaget. Grensa for ”*uvanlig bruk*” er vanskeleg å sette, det er og utydeleg kven som skal vurdere om det er tale om ”*uvanleg bruk*” av velferdsordningane (jamfør Fylkesmannen sine merknader til forskrifta § 5).

#### **§ 4 andre ledd:**

Personar under tvunge psykisk helsevern er ei gruppe som vil kunne ha behov for hjelp over lang tid. Departementet har brukt formuleringa ”*nødssituasjon*” når vedkomande har rett på

hjelp. Dette tilseier at det er snakk om kortvarige behov. Fylkesmannen meiner at føresegna slik den er formulert, ikkje utan vidare er treffande for rettane til denne gruppa.

## § 5:

Det kan vere vanskeleg å dokumentere lovleg opphald i riket, fordi tilhøva kan ha endra seg i tida etter at opphaldsløyve blei gitt. Det kan til dømes vere stilt vilkår i samband med løyvet, men det vil ikkje gå fram nokon stad om desse vilkåra er brotne.

Det blir til tider gitt lange eller tidsuavgrensa løyve til opphald til personar med kortvarige og ustabile arbeidstilhøve. Departementet skriv mellom anna følgjande i sin omtale av forskrifta: *”Hvorvidt grunnlaget for oppholdstillatelsen ikke lenger er til stede, og hvilke konsekvenser det evt. skal få, kan imidlertid ikke avgjøres av kommunen. Kommunen må forholde seg til den dokumentasjon på lovlig opphold som søker fremlegger.”* Fylkesmannen er kjend med at kommunane finn det urimeleg at desse personane skal ha rett til økonomisk sosialhjelp på ubestemt tid, når dei blir arbeidsledige utan andre rettar.

Fylkesmannen saknar og retningsliner for korleis kommunane skal handtere framlagt dokumentasjon på lovleg opphald.

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*